

Søknad

Søknadsnr.	2013-0017	Søknadsår	2013	Arkivsak
Støtteordning	Bolyst 2013			
Prosjektnavn	Bulyst ved nasjonalpark; attraktive arbeidsplassar			

Kort beskrivelse

Vi ønsker å gjere området ved nasjonalparken attraktivt for busetjing og næringsaktivitet, samt å nedtone det negative stempelet ved bandlegging av areal gjennom vern. Dette prosjektet skal vere pilotprosjekt for nasjonalparker i Norge . Prosjektet skal skape nye attraktive arbeidsplassar knytta til naturen og nasjonalparken, som gjer at ungdomen blir verande i bygda og at nye flytter inn. Prosjektet legg og vekt på kvinnelege arbeidsplassar og integrering.

Prosjektbeskrivelse

Prosjektet skal skape auka livsglede ved å bu i område med nasjonalpark. Vi vil skape næringsutvikling og kompetansesarbeidsplassar knytta til bruk av naturen i ei bygd der nasjonalpark utgjer store deler av arealet i utmarka.

Vi vil legge til rette for eit mangfald av arbeidsplassar og vi vil styrke primærnæringane i bygda gjennom skjøtsel og tilrettelegging.

Prosjektet skal arbeide for at det blir eit kvalitetsstempel og ein ressurs å ha nasjonalpark i bygda. Auka kunnskap, vern og bruk av nasjonalparken skal skape aktivitet og arbeidsplassar.

Vi vil leggje til rette slik at naturen blir meir tilgjengeleg for fleire grupper, også fysisk hemma personar t.d i randsona og i nasjonalparken i samspel med grunneigarar, nasjonalparkstyret og nasjonalparkforvaltar. Dette kan vere gapahukar, grindlader og andre stader å søke ly, stader å møtast ute i naturen for grupper som kanskje ikkje har den store fysiske kapasiteten.

Grunnlaget for søknaden er verdiane i nasjonalparken og randsonene ved auka aktivitet, informasjon og friluftsliv både for lokalbefolkninga og tilreisande turistar.

Grunnlag for etablering av eit mangfald av kompetansesarbeidsplassar er at Jostedalsbreen nasjonalpark og Oppstryn ligg til rette for heilårsturisme med store naturkvalitetar. Jostedalsbreen Nasjonalparksenter vil med sine mange besøkande og store kundegrupper gje Bulystprosjektet ein god base å jobbe frå. Det er viktig å poengtere at målet med søknaden ikkje er utbygging av nasjonalparksenteret men vi trur at aktiviteten, kunnskapen, kontaktane og denne fysiske basen på næringsarealet/nasjonalparksenteret i bygda vil kunne gje raskare og sterkare resultat.

Vi vil gjennom prosjektet arbeide for ei styrka samla marknadsføring av området slik at vi får fleire gjester, større inntening, heilårsaktivitetar og heilårsturisme, som fører til fleire arbeidsplassar.

Nasjonalparken sin reklameverdi for reiselivet skal skape attraktive pakkar gjennom samarbeid med reiselivet i regionen. Prosjektet skal utarbeide felles marknadsplan, profilering og marknadsaktivitetar for utøvarar i tilknyting til prosjektet/nasjonalparken i området, i tillegg til aktivitetar og hjelp til grûnderar som satsar på nasjonalparken. Prosjektet legg til rette for arbeidsplassar for arbeidsinnvandring der den rette kompetansen er til stades.

Prosjektet skal auke kompetansen i dette området ihht interesserte etablerarar, bedrifter, ungdom, kvinner og arbeidssøkarar innan fagfelt som er sentrale for å opparbeide arbeidsplassar i naturbaserte næringer som fjell- og breførarkurs, sikringskurs, redningskurs til fjells og til vanns, førstehjelpskurs med hjarte og lungeredning, språkkompetanse, vertskaps- og marknadsføringskurs, kurs i interpretasjon og fagområde innan verneverdiane, mm.

Vi vil lage ungdomstreff, kvinnetreff og møteplassar gjennom prosjektperioden der bedrifter, interesserte etablerarar og andre får møte kunnskapsinstitusjonar.

Vi vil nytte det store forskingsmaterialet frå fleire tiår som vart gjort innan mange fagfelt i samband med kraftutbyggingssøknaden Breheimen-Stryn. Dette er kunnskap som ligg der, i tung vanskeleg form, som delvis er gjort tilgjengeleg men som kan bli den heilt store attraksjonen for guidingprodukt og opplevingar.

Vi vil ha studieturar i inn- og utland og studere andre destinasjonar som har lukkast og trekke det beste ut av andre etableringar for å lukkast sjølve.

Vi skal følgje opp Innovasjon Norge sin studie i MENON-rapporten vedrørande aktivitetssøkande utanlandske turoperatørar som søker urørt natur men som aldri kjem til Norge på messer. Vi vil marknadsføre produktet vårt både gjennom møte, messer, workshops i Norge og i utlandet spesielt sikta inn på turoperatørar som søker urørt natur og aktivitetar.

Prosjektet skal i 2015 arrangere landsseminar for nasjonalparkkommunar, nasjonalparklandsbyar, nasjonalparksentre, bygdeutviklingslag og kommunar med nasjonalpark der resultata frå prosjektet skal leggest fram med workshops og rettleiingar for andre nasjonalparkbygder i landet. Prosjektet skal i tillegg ha ei rettleiande rolle for nasjonalparkbygder som ønskjer bistand i utvikling av arbeidsplassar frå 2015.

Prosjektet vil ha base og kontor ved Jostedalsbreen Nasjonalparksenter i Oppstryn. Senteret er einaste heilårsopne nasjonalparksenter i Norge og er i besøk og aktivitetar det største i landet, 57450 gjester i 2012. Senteret har gjennom ei tid utpeikt lokalbefolkningen som ei av sine viktigaste målgrupper for samarbeid og tilrettelegging, noko bygdefolket set stor pris på. Det er ein stor styrke for Bulystprosjektet å etablere seg ved ei bedrift som allereie har godt besøk og jobbar i marknaden, det gjer at ein raskare kan kome i kontakt med kundegrupper og gjere oppbygging av mange heilårsarbeidsplassar raskare til ein realitet.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
	Jostedalsbreen		91580078

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Nasjonalparksenter	Fosnes 6799 OPPSTRYN	
Kontakt- person	Jostedalsbreen Nasjonalparksenter	Fosnes 6799 OPPSTRYN	91580078
Prosjekt- leder	Anne Kjos-Wenjum Armas	Hjelle 6798 HJELLEDALEN	91580078

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Bygder som ligg ved nasjonalpark, har gjerne få kompetansesarbeidsplassar, ungdomen flytter ut og kjem ikkje tilbake etter skulegang då det er få og nærast ingen attraktive arbeidsplassar.

Det blir ei overvekt av arbeidsplassar knytta til landbruk, begrensa sesongarbeidsplassar innan turisme og det blir ei skeivfordeling i befolkning med færre kvinner og lite ungdom i bygda.

Det har i mange år vore fokusert negativt på nasjonalparketablering ved at det er bandlegging av areal. Dette prosjektet vil nedtone den negative debatten og omtalen ved nasjonalpark i bygda og fokusere på at nasjonalpark er lystbetont og kan skape attraktive arbeidsplassar og kompetansesarbeidsplassar.

Bygdefolket må få tilbake glede ved å utvikle næring i eigne naturområde og dei må få glede gjennom auka innsikt og tilrettelegging for å vere i denne eineståande naturen. Bygdefolket og grunneigarane må få tilbake kjensla av at dei kan vere med og forvalte ny næring i verna natur. At naturen vart verna, førte til at mange arbeidsplassar som bl.a. kraftutbygging ikkje kom til denne bygda og mange grunneigarar og bygdefolk følte at råderetten og utvikling i denne naturen vart borte. Dette vil vi gjere noko med; dette prosjektet skal involvere bygdefolket, grunneigarar, kvinner og unge, dei skal vere med på å bygge eit prosjekt som medfører auka trivsel og bulyst, og som fører til etablering av attraktive arbeidsplassar/ kompetansesarbeidsplassar for framtida.

Dette skal vere eit PILOTPROSJEKT for alle nasjonalparkbygder og bygder med verneområde. Det er nødvendig at prosjektet får støtte gjennom Bulyst for å vere realiserbart.

Dette prosjektet samarbeider blant anna med grunneigarar, kvinnelege leiarar/etablerarar og ungdomsrepresentantar i bygda der vi har valgt ut representantar frå ungdomsskule og vidaregåande skule.

Vi vil tilrettelegge for positive aktivitetar knytta til nasjonalpark gjennom heile året som skal gjere det attraktivt å bli buande her og flytte hit. Nasjonalpark er eit svært positivt begrep innan turisme, men dessverre er turistsesongen kort og reiselivsbedriftene held stort oppe berre frå mai til september, slik at arbeidsplassane blir sesongbetonte. Vi vil tilrettelegge heilårsaktivitetar og heilårsturisme som

grunnlag for nye arbeidsplassar.

Naturen ved nasjonalparken kan ha attraktive aktivitetar året rundt og vi har gjennom møte med ulike turoperatørar 2012, funne at det er interesse for eit slikt produkt.

Vi viser til VG 20/2-13 og www.lyngsfjord.com som er ei av bygdene vi ønskjer å dra til vinteren på studietur, eit område der dei opplever 250 gjester pr dag i februar, god inntening i vinterhalvåret/heile året og som driv med mange av dei aktivitetane vi vil tilretteleggje vinterstid. Vi har som base Strynefjellet for fjellskiløping, Ullsheim/Stryn for langrenn/ skiaktivitet, Stryn skisenter for alpint, dalane i Oppstryn, Strynefjellet og for truger, ski, snøhole, igloo, skøyter, hundspann, hest, open geitegard der ein deltek i arbeidet med stell og ysting. Auka turisme gjennom heile året, gir nye arbeidsplassar.

Aktivitetar skal etablerast gjennom grøn omsorg og grupper som har særleg behov for omsorg og tilrettelegging. Vi vil her vise til prosjektgruppa sin kompetanse ved Åse Evebø og Anne Kjos-Wenjum sine utdanningar og arbeid med tilrettelegging for desse gruppene.

Prosjekt mål

Mål:

Verdiane i nasjonalparken skal skape auka bulyst gjennom heilårsaktivitet, informasjon og friluftsliv v både for lokalbefolkningen og tilreisande.

Prosjektet skal etablere attraktive kompetansesarbeidsplassar knytta til verdiane i nasjonalparken, med særleg vekt på arbeidsplassar for ungdom og kvinner.

-Pilotprosjekt for nasjonalparkbygder i Norge.

-Bidra til å skape lokal entusiasme for lokale tilbod

Bidra til at viktig forskingsmateriale om naturen blir tilgjengeleg og tilrettelagt for auka engasjement for å ta naturen i bruk

Lokale tilbod vert samla i ei felles marknadsføring som skal skape heilårsturisme og attraktive kompetansesarbeidsplassar med vekt på ungdom og kvinnearbeidsplassar

-Bidra til høgare kompetanse for interesserte etablerarar innan fagfelt som er grunnleggjande både for eigen tryggleik og grunnleggjande viktig for tryggleiken for gjester/ turistar som t.d.: Bre-og fjellførarkurs, skredkurs, redningskurs til fjells og på vatnet, hjarte-og lungeredning og førstehjelp, språkkurs, kurs i vertskapsrolle og marknadsføring, interpretasjon og fagkunnskap

Forankring

Prosjektet er i regi av Stryn kommune, Jostedalsbreen Nasjonalparksenter, representantar for grunneigarlaga i Erdalen, Sunndalen og Fosdalen i Jostedalsbreen nasjonalpark, kvinnelege leiarar/grûnderar og ungdomar i bygda.

Prosjektet er drøfta i KRD desember 2012 og i møte med Sogn og Fjordane Fylkeskommune februar 2013.

Prosjektet vil ved tildeling av stønad, bli gjennomført ved samarbeid med Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, nasjonalparkforvalter, nasjonalparkoppsyn og miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen.

Prosjektet er i tråd med lokale og regionale plandokument

Prosjektorganisering

Prosjektleiing: Anne Kjos-Wenjum Armas

Prosjektmedarbeidarar: Magnhild Hauge, unge medarbeidarar, m fl

Vi baserer oss på at Anne Kjos-Wenjum Armas blir fristilt frå del av stillinga som dagleg leiar ved nasjonalparksenteret til å styre dette prosjektet i 40% stilling i prosjektperioden. Magnhild Hauge som prosjektmedarbeider og ansvarleg for økonomiske analyser, rekneskap, budsjetteringsarbeid og økonomisk rådgjeving til aktørar i prosjektet mm i ca 20% stilling, unge medarbeidarar med sekretærfunksjon og tilleggsoppgåver i ca 30%, andre 10%

Prosjektgruppe bak søknaden og kompetanse:

Anne Kjos-Wenjum Armas, dagleg leiar Jostedalsbreen Nasjonalparksenter. Brei totalkompetanse med bl.a 7 års pedagogisk utdanning m.bl.a. idrett, friluftsliv og IT. Har jobba med friluftsliv i barnehage, barne- og ungdomsskule, vidaregåande skule og folkehøgskule, høgskule, Beitostølen Helsesportssenter med aktivitetar for funksjonshemma og klientar for opptrening etter sjukdom og ulukker, hadde ansvaret i 4 år for å bygge opp aktivitetar for psykisk utviklingshemma i fotballkretsen og har hatt ansvaret for denne gruppa også i oppgåver/opplæring i tilknytning til naturen. Har leia store prosjekt tidlegare som Europarc Congress 2003 med 315 nasjonalparkdelegater frå 40 land i internasjonal kongress i Oppstryn/Loen. Har god realkompetanse på reiseliv og har stort kontaktnett. Som arbeidsgjevar for 35 personar ved nasjonalparksenteret deriblant mange av dei unge i bygda.

Åse Evebø: Utdanna 7 år innan naturmedisin, 3 års pedagogisk utdanning idrett og friluftsliv, NF breførar. Engasjert innan mange felt som har med naturen å gjere og har brei realkompetanse. Arbeider dagleg i tilknytning til klientar med psykiske og fysiske vanskar, unge med konsentrasjonsproblem, har hatt hovedoppgåve om psykisk helse og friluftsliv.

Magnhild Hauge: Utdanna siviløkonom, tidlegare økonomisjef ved Ricco Vero, bidreg i oppgåver for Jostedalsbreen Nasjonalparksenter. Ivrig brukar av naturen på brei basis.

Ingolf Folven: Utdanna ingeniør. Grunneigar i nasjonalparken, geitebonde, NF-breførar, mange verv politisk og fagleg gjennom utallige år. Friluftsmann.

Johan Berge: Grunneigar i nasjonalparken, bonde i Erdalen, rekneskapsførar, mange verv politisk og fagleg gjennom ein del år.

Prosjektgruppa er ei gruppe som står samla om tankane i denne Bulystøkknaden. Vi deler på oppgåvene og arbeider for eit felles beste. For oss er desse ideane i søknaden overordna for utviklinga i Oppstryn.

Prosjektstyre:

Leiar: Ordførar i Stryn og nestleiar i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre Sven Flo

Medlemmar: Johan Berge for grunneigarlaga i nasjonalparken, Kirsti Aga Nygård for reiselivsbedrifter i Oppstryn, Tove Hjelle som ungdomsrepresentant (17 år) .

Referansegruppe: Fylkesmiljøvernleiar Nils Yndesdal, naturoppsyn Anne Rudsengen(SNO), nasjonalparkforvalter Steinar Lund, Beate Vik Hauge (Reisemål Stryn og Nordfjord), Elise Flo Guddal (ungdomsrepresentant 18 år)

Samarbeidspartnere

- Grunneigarlaga i Sunndalen, Erdalen og Fosdalen i Jostedalsbreen nasjonalpark
- Oppstryn Bygdeutviklingslag
- Oppstryn Bygdekvinnelag
- Oppstryn skule
- Universitetet i Bergen (forskningsresultat nasjonalparken)
- Stryn historielag
- Indre Nordfjord Turlag
- Fylkesmannen og Sogn og Fjordane
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
- Statens Naturoppsyn Jostedalsbreen
- DYLAN-prosjektet
- Verdiskapingsprosjektet ved NTNU
- Mindre selskap og enkeltmannsforetak innan aktivitetsturisme
- Reiselivet, både destinasjonsselskapet og aktørar i regionen

Aktivitetar

Etablere heilårlege tilrettelagde aktivitetar knytta til nasjonalparken og randsoner; eks.vandring, , padling,fisking,sykling, ski bortover og nedover, fjellskiløping, truger, akebrett, snøholeturar, skredkurs, overlevingskurs i naturen mm

-Tilrettelegging av aktivitetar i nasjonalparken

Tilretteleggingar i innfallsportane ved nasjonalparken Erdalen, Sunndalen og Fosdalen samt sentrale e stader ved Oppstrynsvatnet med rasteplassar, gapahukar, informasjon og skilting

Utvikle detaljerte kart med turforslag for vandring,padling,fisking,sykling, ski bortover og nedover, , fjellskiløping

Lage samlande marknadsplan, marknadsaktivitetar og profilering for alle innan aktivitetar, , overnatting,servering

Studieturar vedrørande delprosjekt for studie av aktivitetar i andre destinasjonar, bl.a. Lyngsfjorden n og andre som har lukkast med vinterturisme

Marknadsføring av samlande aktivitetar ved messer og workshop med særleg vekt på operatørar r interesserte i naturbaserte aktivitetar

Tilrettelegge/ popularisere tung forskingslitteratur for naturen i området og gjere den tilgjengeleg for r lokalbefolkningen og tilreisande for å gjere formidlinga av naturområdet rikare og meir attraktivt Eigne ungdomstreff,kvinnetreff og møtestader for lokallokalbefolkningen, kunnskapsinstitusjonar, , bedrifter og interesserte etablerarar

Kurs for interesserte arbeidssøkarar, gründerar, bedrifter med fleire innan sikkerheit til fjell og til l vanns, kompetanse innan verneverdiar/fagleg, språk, vertskapsrolla og synleggjering/marknadsføring

Nasjonal konferanse for nasjonalparkbygder for utveksling av kompetanse og idear som er utvikla a gjennom prosjektet

-Grønn omsorg med tilrettelagte tilbud på gardsbruk o.l., tilpassa den enkelte sitt behov. Retta mot alle aldersgrupper, rehabilitering, restitusjon, oppleving, læring og aktivitet i jord- og skogbruket. .

Målgrupper

-Lokalbefolkningen. Auka trivsel og bulyst

Sesongbedrifter og mindre bedrifter i bygda som treng eit løft /hjelp til å utvikle heilårlege arbeidsplassar

-Støtte til gründerar som ønskjer å etablere seg ved nasjonalparken

Grunneigarne i nasjonalparken gjennom samarbeid ved skjøtsel og drift i forhold til utvikling av v heilårsaktivitetar

-Tilreisande turistar er ei nødvendig målgruppe som grunnlag for å skape nye heilårsarbeidsplassar

Samle små aktørar innan naturbaserte aktivitetar og gjere bedriftene lønsame for fleire e heilårsarbeidsplassar

-Grøn omsorg

-Funksjonhemma og grupper som treng tilrettelegging

Resultat

Resultatmål

Ungdom i bygda er engasjerte i lokalmiljøet sitt, og planlegg ei aktiv yrkeskarriere i bygda etter endt utdanning

-Kvinner får utnytta sin kompetanse gjennom arbeidsplassar tilknytta nasjonalparken

Tilbod ved Jostedalsbreen Nasjonalparksenter om kurs / kompetanseheving på nødvendige områder for å vere kvalifisert for arbeidsplassar i tilknytning til Nasjonalparken, t.d. redningskurs til fjells og på vatn, skredkurs, språk-kurs m.m.

Avtalar med lokalbefolkning om engasjement / arbeid med fysisk tilrettelegging i randsonene av v nasjonalparken for å skape møteplassar og gjere området tilgjengeleg

Avtalar med barnehagar, skular, skulefritidsordning, vidaregåande skule, vaksenopplæring, barne- og familievern (BUF), tiltak innan psykisk helse, attføringstilta o.l. i kommunen, samt avtalar om aktivitetsopplegg o.l. for bedrifter. Desse tiltaka er med for å sikre oppretthaldelse av heilårs arbeidsplassar

-Auka bestillingar på temareiser og aktivitetar, matsservering, overnatting

-Attraktive pakketilbod frå lokale/regionale reiselivsaktørar

-Heilårsturisme

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter er ein base / møteplass for lokalbefolkninga og for integrering av v tilflytta ungdom/kvinner/andre, samt ein base for utveksling av kompetanse og kreativitet blant desse gruppene

Auka omsetning pr turist i bygda – f.eks eit ekstra måltid, ein ekstra overnatting, ein ekstra utflukt, ved at tilboda blir gjort meir tilgjengelege

La oss sei at 10.000 som likevel stoppar i bygda tek meirkjøp til 275,- Dvs ei auka omsetning på kr 2.750.000

Auke tal eksklusive turistar som kjøper ein pakke med noko ekstra, lavo overnatting, urtetur i nasjonalparken, massasje e.l.

500 turister som kvar kjøper ein pakke til kr 1500,- utgjør kr 750.000,

Leveransemål for prosjektet

Prosjektet overleverer gjennomgåande planløyningar for nasjonalparkbygder /verna område om korleis utnytte fortrinnet ved dei høge verneverdiane som skape kompetanse, bulyst og attraktive arbeidsplassar

Prosjektet blir overlevert bygdesamfunn i landet som ønskjer å nytte dette materialet for bulyst og arbeidsplassar. I Oppstryn blir Jostedalsbreen Nasjonalparksenter oppmoda om å halde fram å vere sentral for prosjektet også i framtida der ein gjennom samarbeid kan utvikle dette vidare.

Effekter

Effekt mål

-fleire ungdommar buset seg i bygda etter endt utdanning

-fleire kvinner buset seg i området

mindre lokale leverandørar av reiselivstjenester/opplevingsbasert turisme vil ha nok arbeid heile året til å kunne ha eit heilårs engasjement med dette

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter som er heilårsøpe vil vere ein møteplass for utvikling av nye tiltak og idèar, samt integrering av tilflytte i bygda; ein møteplass for ungdom, lokalbefolkning og besøkande i bygda

Eksisterande arbeidsplassar tilknytt turistnæringa og bruk av naturen får større inntening og blir heilårsarbeidsplassar.

Allereie i 2014 vil 4 sesongarbeidsplassar utviklast til heilårlege arbeidsplassar

Nye produkt gir fleire arbeidsplassar, 2 nye arbeidsplassar allereie i 2014, 2 nye arbeidsplassar i 2015

Pga nyutvikling vil dette gje tilbakeflytting og nye tilflyttingar. Kvert år dei neste 10 åra buset 4 ungdommar/tilflyttingar seg i bygda pga auka og ny aktivitet

Vintersesong med 2000 gjester oktober-april i bygda innan 2020

Eit pilotprosjekt med stor overføringsverdi til andre nasjonalparker. Det blir sommeren 2015 halde nasjonalt seminar.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

September 2013- desember 2013: Utvikle heilårleg aktivitetsplan, del 1 som skal marknadsførast jan april 2014 og igangsettast mai-desember 2014 med 2 nye sommaraktivitetar og 3 vinteraktivitetar

Januar-april 2014: Marknadsføring gjennom messer og workshops i Norge og utlandet

Januar-november 2014: Popularisering/ tilrettelegging av forskingsmateriale

Mai 2014-november 2014: Utvikle heilårleg aktivitetsplan del 2 med tilrettelegging av 4 nye vinteraktivitetar og 2 nye sommaraktivitetar

April 2014-august 2015: Tilrettelegging i innfallssonene og randsona av nasjonalparken med

informasjon, stiforbetring og rasteplassar

Juni 2014- oktober 2014: Utvikling av felles marknadsplan,profilering og marknadsaktivitetar for bedriftene knytta til opplevingar i nasjonalparkområdet

2014-2015: Kurs i fjell-og breføring, skred, redning til fjells og til vanns, førstehjelpskurs med hjarte og lungeredning,språkkurs, vertskaps- og marknadsføringskurs

August 2015: Landseminar for norske nasjonalparkbygder

September 2015-oktober 2015: Plan for vidare drift av prosjektet

November 2015- desember 2015: Evaluering, oppsummering

Kostnadsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Kontorleige	30 000	60 000	60 000			150 000
Kontorutgifter porto, tlf mm	15 000	30 000	30 000			75 000
Kurs for å høge standard i sikkerheit		50 000	100 000			150 000
Marknadsføring messe, workshop		120 000	150 000			270 000
Møte og reise	35 000	70 000	70 000			175 000
Møteutgifter	30 000	60 000	60 000			150 000
Nasjonalt seminar			350 000			350 000
Prosjektleiing og medarbeidarar	300 000	700 000	700 000			1 700 000
språkkurs,vertskapskurs, marknadsføringskurs mm	20 000	50 000	50 000			120 000
Studieturar	50 000	200 000	200 000			450 000
Tilrettelegginger rasteplassar	110 000	110 000	130 000			350 000
Utvikling av kart for heilårlege aktivitetar			200 000			200 000
utvikling av marknadsplan og marknadsaktivitetar		80 000				80 000
web og sosiale media fellesprofil			200 000			200 000
Ymse	50 000	60 000	60 000			170 000
Sum kostnad	640 000	1 590 000	2 360 000			4 590 000

Finansieringsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Dugnad	50 000	300 000	300 000			650 000
Eigeninnsats	170 000	250 000	300 000			720 000
Eigenkapital Jostedalsbreen nasjonalparksenter	100 000	85 000	260 000			445 000
Kommunal- og regionaldepartementet	320 000	795 000	1 180 000			2 295 000

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
sponsorar/gåver		160 000	320 000			480 000
Sum finansiering	640 000	1 590 000	2 360 000			4 590 000

Geografi

1449-Stryn

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato